

- Lat oss halda fast på kjerneverdiane våre

10.02.2010



Marit Elsebeth Totland heldt innleiing om partiet sin situasjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- Lat oss halda fast på kjerneverdiane våre!**

Dette var ein setning som gjekk att på årsmøtet til Kvinnherad KrF då dei onsdag kveld drøfta den aktuelle situasjon for partiet. Årsmøtet som vart halde på AFA i Uskedalen var sterkt prega av Inger Lise Hansen sitt utspele og kommunestyremedlem Marit Elsebeth Totland gjorde det i ei innleiing klart at ho ikkje ville sagt det same som nestleiaren.

Gruppeleiar Otto Benjaminson var sterkt uroa over situasjonen men også han streka under kor viktig det er å halda på kjerneverdiane.



Otto Benjaminson gav uttrykk for stor bekymring. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Totland definerte desse som menneskeverdet, forvaltartanken, ei rettferdig fordeling av godane og eit religiøst rom. Ho streka ikkje minst under at partiet ikkje må kompromissa med menneskeverdet. Det byggjer på verdiar som det ikkje kan rokkast ved, difor kalla ho KrF eit radikalt parti.

- Vi må bevega oss for å oppnå måla våre, men absoluttane må stå der, sa ho og konstaterte at vi ikkje lenger er eit så homogent samfunn som før og at dette betyr større utfordringar. Ho anbefalte at partiet ikkje skygger unna, men tek debatten, går ut med sterke synspunkt og så overlet til landsmøtet å vedta politikken.

Benjaminson sa at nestleiaaren hadde kome med sine synspunkt på feil plass og til feil tidspunkt. Han meinte at utspela hadde kasta partiet ut i lause lufta og skapt utryggheit. Han hadde problem med å skjøna korleis einno skal snu det som er hendt til noko positivt. Men også han var oppteken av at ein må halda fast på kjerneverdiane.

Leiar Arne Gjellan meinte at partiet kanskje burde vera litt meir varsam med å marknadsføra verdigrunnlaget sitt, Men det må halda seg lojalt til det vedtattet programmet. - Vi må ha fokus på dei positive sakene og grunnfjellet vårt, sa han. Øystein Hellesøy åtvvara mot å hella meir bensin på bålet, men meinte at ein heller burde ta positivt tak i det nestleiaaren sa.

Årsmeldinga streka under at 2009 var eit hendingsrikt år, men prega av at partiet er i opposisjon i kommunestyret. Skulestrukturdebatten var krevjande både for partiet, strukturutvalet og under den politiske behandlinga. I nokre sakar har gruppa fått god respons frå fleirtalskoalisjonen, som dei har vald å ha eit profesjonelt tilhøve tili prinsipielle spørsmål. Gruppeleiari Benjaminson opplyste i si melding at fleirtalskoalisjonen har oppmoda om nærmare samarbeid.

Men det har vore vanskeleg å nå inn til fleirtalet med partiet sitt syn på korleis dei ulike aktørane og organa i lokalpolitikken skal handla og samhandla. Den mest kjende saka her var den om opprusting av parkeringsplassen ved Husnes kyrkje.

Partiets leiar Arne Gjellan var ikkje på val, heller ikkje styremedlem Hildegunn Eiane Aarthun. Styremedlemmane Leif K. Kongestøl, Marit Lindeklev og Frøydís Sjo vart attvalde. I styret sit også gruppeleiari Otto Benjaminson.

Det er no 130 medlemmer i partiet i Kvinnherad.

Av Ola Matti Mathisen